

Vedtatt budsjett og økonomiplan 2020-2023

Innhald og søk 

13 Investeringar

13.1 Vedtatte investeringar 2020-2023

2. Felles IT-plattform RITS. Etter vedtak i IT- styret. Dette for å kunne nytta nye digitaliseringsløysingar.
3. Denne investeringa gjeld Hjelmeland kommune. AV-utstyr samt kamera og lydsystem i kommunestyresalen. Dette for betre kvaliteten på overføring av møte samt betre lyd i salen.
4. Lokale plattformer som er naudynt for å ta i bruk digitale komponentar.
5. Det er naudsynt med oppgradering av det administrative systemet i barnehagane.
6. Scanning og digitalisering av arkiv vil gjere det lettare for innbyggjarar å søke i våre arkiver.
9. Summen er overført frå 2019. Prosjektet er ikkje ferdig, men vil bli avslutta i løpet av våren. Meirope bibliotek vil auke tilgjenge for innbyggjarar til biblioteket.
10. Arbeidet på Skiftun vassverk er ikkje ferdigstilt. Prosjektet vert avslutta med midlar frå 2019.
13. Rehabilitering av leidningsnett og kummar i tråd med plan.
14. Rehabilitering av avlaupsnett i tråd med eigen plan.
16. Årdal vassverk ferdigstilling av prosjektet med midlar frå 2019.
17. Etablering av slamavskiljar på Fister.
21. Vassmålarar, fortsette etableringa av vassmålarar.
22. Ferdigstille arbeidet med Hjelmen høgdebasseng.
23. Etablering av Hundsnes pumpestasjon.
24. Gjennomføra hovudplan vatn.
25. Gjennomføra hovudplan avløp.
28. Bygg og anlegg gjennomfører ein plan for oppgradering av leikeplassar i skular og barnehagar. I tillegg er det sett av midler til leikepark/ aktivitetspark i sentrum. Målet er å etablere nokre apparatar som og kan nyttast av vaksne.
29. I 2019 starta me arbeidet for å leggja til rette for besøkjande. Det er kjøpt publikumstoalett, betra skilting og starta arbeid med utbetring av nokre turstiar.

31. Punktet går ut. Sjå punkt ?

33. Erfaringar frå dei seinare åra gjer at me vil skaffa ny skogbrannpumpe. Målet er å sløkka skogbrann i startfasen.

34. Brannbilen i Årdal er for veteranbil å rekna. Bilen er ikkje godt egna til beredskap. Han er heller ikkje sikker for mannskapa. Me vil forsøka å kjøpe ein brukt brannbil.

36. Det er trong for nytt oppdatert utstyr til 1. hjelp i fleire av brannbilane. Brannvesenet er i fleire høve dei første på åstaden for ulukker.

37. Me har kjøpt ny brannbil på Skiftun, men det er trong om ein del utstyr til bilen.

38. Klippeutstyret vert særleg brukt ved bilulukker, men og i andre samanhengar.

40. Rammeløyver kommunale bygg, oppretting av feil ved Årdal skule i samband med tilsyn.

41. Ventilasjon Hjelmeland omsorgssenter slutføring av prosjektet.

45. Prosjektering av trafikkløysing i Vågen. Evt ny bru for å klargjera bygging nord for Vågen.

46. Investeringsramme veg i tråd med eigen plan.

47. Vegen ved Hortane må utbetrast. Me har konsulentrapport med kostnadsestimat på budsjettbeløp.

48. Vegen ved Dalane treng oppgradering. Det er lagt inn midlar til første del av prosjektet.

50. Vegen inn til gravplassen er gruslagt. Dette fører til problem med utgliding ved nedbør. Må utbetrast.

51. Det er gjennomført noko asfaltering på Svadbergvegen,. Resten av vegen må rettast opp og asfalterast.

52. Vegen opp til Hagalid er i dårleg forfatning. Med tanke på trafikkmengda som er aukande er det berre eit tidsspørsmål før noko må gjerast. Skomakarnibbå er eit populært turmål, men vegen opp er dårleg. Avklaring rundt vidare satsing på veg til «Nibbå» frå kommunen si side er grunnen til at utbetringane er utsatt 2021.

55. Omlegging av VA på Sande er i tråd med kommunestyrevedtak.

56. Omlegging av VA Årdalstunet er i tråd med kommunestyrevedtak.

57. Det er stort behov for ny industrikai i Årdal. Det er særleg etablering av Årdal aqua som vil krevja ei kai, men og BMI (Monier) vil kunna ha trong om slik kai av og til. Det er sett av midlar til å gå inn i eit spleiselag for etablere kaia i 2021.

59. Adgangskontroll me ynskjer å gjennomføra ny skallsikring i heile kommunen. Sikkeheita er ikkje god nok per dato.